



## Møteprotokoll

**Utvalg:** AU i verneområdestyret for SVR  
**Møtested:** Teams  
**Dato:** 02.05.2022  
**Tidspunkt:** 08:00  
**Timer** 1t 30 min.  
**godkjent:**

### Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon
Jonny Liland	Leiar
Gerd Helen Bø	Medlem
Inger Lise Lund Stulien	Medlem
Steinar Kyrvestad	Medlem

### Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Bjørn Laugaland	Nestleiar
-----------------	-----------

### Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for
Ingen	

### Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Jørn Haug	Verneområdeforvalter
Guro Sødergren	Verneområdeforvalter

### Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.


\_\_\_\_\_  
Jonny Liland

\_\_\_\_\_  
Gerd Helen Bø

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
--------------------	---------

---

AU 20/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 21/22	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 22/22	Orienteringssaker
AU 23/22	Søknad om utviding av bygningsmasse med nytt anneks ved Skjerlevatn i Hægebostad kommune, Jone Haugland
AU 24/22	Søknad frå DNT sør om riving og oppattbygging av båthus ved Gaukheivatn og Søre Monsvatn. Gnr. 4, bnr. 18. Bygland kommune.
AU 25/22	Søknad om dispensasjon til utviding og fasadeendring av uthus, fasadeendring av hovudhytte og helikoptertransport til Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/1, Hjelmeland kommune - Stavanger turistforening
AU 26/22	 X
AU 27/22	Eventuelt

### **AU 20/22 Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 02.05.2022**

Styreleiar ber forvaltningssekretariatet komme tilbake til styret med ei sak om hvordan vi skal håndtere at et medlem i AU er sykemeldt.

Fleire i arbeidsutvalet sleit med å få fram sakspapira i sharepoint. Må sendast på ordinært vis neste gong.

Innkalling og saksliste vart elles godkjend.

### **AU 21/22 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**

#### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 02.05.2022**

Gerd Helene Bø vart vald til å skrive under møteboka saman med leiar.

## **AU 22/22 Orienteringssaker**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 02.05.2022**

Grunna møtekollisjon for mange ordførere til styremøtet 7.6 må dette flyttast til måndag 20. 6. Vert halden som fysisk møte. Forvaltningssekretariatet sender ut ny innkalling.

Arbeidsutvalet ber om at det vert informert om status i arbeidet med kvalitetsnorm for villrein i styremøtet 20.6.

### **AU 23/22 Søknad om utviding av bygningsmasse med nytt anneks ved Skjerlevatn i Hægebostad kommune, Jone Haugland**

#### **Forvalters innstilling**

I henhold til forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane kap. IV pkt.1.1 avslår arbeidsutvalget i verneområdestyret for SVR søknaden om bygging av anneks til ei jakthytte ved Skjerlevatn.

I henhold til forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. IV pkt. 1.1, er det forbud mot oppføring av nye bygninger i verneområdet. Arbeidsutvalget legger vekt på at søker fra før har to driftshytter på eiendommen. Arbeidsutvalget ønsker ikke å åpne for en praksis der utvidelse av eksisterende driftshytter skjer gjennom bygging av separate bygg med standard tilnærma ei ny driftshytte. En tillatelse til tiltaket slik det er søkt om vil ha stor presedensvirkning og vil på sikt kunne medføre en rekke nye driftshusvære i verneområdene.

En slik utvikling vil være i strid med verneformålet og det er derfor ikke grunnlag for å gi dispensasjon etter §48 i naturmangfoldloven, første ledd.

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 02.05.2022**

Forvaltningssekretariatet informerte om at det er nytta feil heimel i innstillinga. Avslaget skal heimlast i § 48 i naturmangfoldlova. Samrøystes vedteken i tråd med innstillinga men der avslaget vert heimla i naturmangfoldlova § 48.

#### **Vedtak**

I henhold til naturmangfoldloven § 48 avslår arbeidsutvalget i verneområdestyret for SVR søknaden om bygging av anneks til ei jakthytte ved Skjerlevatn.

I henhold til forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. IV pkt. 1.1, er det forbud mot oppføring av nye bygninger i verneområdet. Arbeidsutvalget legger vekt på at søker fra før har to driftshytter på eiendommen. Arbeidsutvalget ønsker ikke å åpne for en praksis der utvidelse av eksisterende driftshytter skjer gjennom bygging av separate bygg med standard tilnærma ei ny

driftshytte. En tillatelse til tiltaket slik det er søkt om vil ha stor presedensvirkning og vil på sikt kunne medføre en rekke nye driftshusvære i verneområdene.

En slik utvikling vil være i strid med verneformålet og det er derfor ikke grunnlag for å gi dispensasjon etter §48 i naturmangfoldloven, første ledd.

## **AU 24/22 Søknad frå DNT sør om riving og oppattbygging av båthus ved Gaukheivatn og Søre Monsvatn. Gnr. 4, bnr. 18. Bygland kommune.**

### **Forvalters innstilling**

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 får DNT sør løyve til å sette opp to nye båtnaust ved Gaukheivatn og Søre Monsvatn i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* i Bygland kommune. Båtnausta er til erstatning for to eldre båtnaust i dårleg forfatning som skal rivast.

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. IV pkt. 1.3 bokstav c får DNT sør løyve til å sette opp ei propanbu på 1,7 m<sup>2</sup> rett vest for eksisterande sikringsbu på Gaukhei turisthytte.

Maksimalt tillate storleik på båtnaustet ved Gaukheivatnet er 19,2 m<sup>2</sup> BYA og med maksimalt tillate mønehøgde 3,4 meter. Bygningen skal plasserast på tomt for eksisterande båtnaust. Maksimalt tillate storleik på båtnaustet ved Søre Monsvatn er 14,5 m<sup>2</sup> BYA og med maksimalt tillate mønehøgde 2,9 meter. Bygningen skal plasserast på eksisterande tomt eller inntil 10 meter nord for denne.

På båtnausta skal det nyttast ståande kledning og med fargebruk som skil seg minst mogleg frå omgjevnaden. Taka skal vera av type planketak. Fundamenta skal vera støypte eller av naturstein.

Øvrige vilkår:

- Det er ein føresetnad at dei to gamle båtnausta vert riven og at bygningsavfallet vert transportert ut i samband med øvrig arbeid.
- Søkar må hente inn tillating frå Bygland kommune. For bygging av båtnaust ved Gaukheivatnet må tiltakshavar hente inn godkjenning frå fylkeskonservator i høve til moglege kulturminne i området.
- Alt av bygningsavfall skal transporterast ut av verneområdet og leverast på godkjend mottak
- Ved bruk av helikopter i samband med byggearbeidet må dette søkast om særskild

Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks byggearbeidet er avslutta. Løyvet gjeld fram til 2.2.2025.

Søkar er ikkje heimelshavar til grunnen der båtnausta skal førast opp. Arbeidsutvalet føreset at naudsynt tillating frå grunneigar vert henta inn før byggstart.

Som grunngeving for løyvet legg arbeidsutvalet vekt på at båtnausta skal erstatte eksisterande båtnaust som er i dårleg forfatning. Det vil såleis ikkje bli meir

bygningssmasse i området. Utover sjølve byggeperioden vil det i liten grad føre til auka aktivitet og ferdsel i området. Vidare er positivt med skikkeleg lagringsplass for båtar slik at desse ikkje vert øydelagt gjennom hausten og vinteren. Ut i frå dette er dette vil tiltaket etter arbeidsutvalet si oppfatning ikkje stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, jamfør naturmangfoldlova § 48.

Propanbua skal settast opp i tilknytning til eksisterande bygg og er av beskjeden storleik. Det vil gi auka lagringsplass for ved i vedboden og til ein viss grad redusere årleg transportbehov for ved. Ein separat lagringsplass for propan er viktig av tryggleikssyn.

## **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 02.05.2022**

### **Vedtak**

Samrøystes vedteken i tråd med innstillinga.

### **AU 25/22 Søknad om dispensasjon til utviding og fasadeendring av uthus, fasadeendring av hovudhytte og helikoptertransport til Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/1, Hjelmeland kommune - Stavanger turistforening**

#### **Forvalters innstilling**

I medhald av §48 i naturmangfaldslova får Stavanger turistforening dispensasjon til utviding og fasadeendring av eksisterande uthus til turisthytta Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde.

Uthuset kan utvidast med eit areal på inntil 19m<sup>2</sup> (BYA) slik at uthuset frå eit samla areal på inntil 55m<sup>2</sup> (BYA). Arbeidsutvalet vil understreke at dispensasjonen til utviding av uthuset ikkje omfattar ei auke av overnattingskapasiteten, slik at sikringsdelen av uthuset framleis berre skal innehalde ei seng.

Fasadeendringa omfattar innsetting av 4 nye vindauge på langveggen mot vest og eit nytt vindauge på kortveggen mot vest, med mål og plassering som vist på fasadeteikningane som er gjengjeve i saksutgreiinga.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Det må innhentast naudsynt byggeløyve frå Hjelmeland kommune
- Bygningen må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane med omsyn til utforming og overflatebehandling, og må skje i tråd med byggeteikningane i søknaden
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.
- Alt av bygningsavfall skal transporterast ut av verneområdet og leverast på godkjend mottak
- Dispensasjonen gjeld fram til 02.05.2025

Dispensasjonen blir grunngjeve med at utvidinga av eksisterande bygning ikkje vil ha ein nemneverdig negativ innverknad landskapets art og karakter. I vurderinga blir det og lagt vekt på at auka lagringskapasitet vil medføre at helikoptertransportar av ved,

gass og søppel nå vil skje kvart andre eller tredje år i staden for kvart år. Fasadeendringane det er søkt om blir heller ikkje vurdert til å ein nemneverdig negativ innverknad landskapets art og karakter. Det leggast og vekt på at utvidinga av uthuset ikkje medfører auka overnattingskapasitet, og såleis ikkje vil bidra til auka forstyrring av villreinstamma i område.

Arbeidsutvalet vil gjere merksam på at verneområdestyret har starta eit arbeid kor framtidig forvaltningspraksis vil bli nærare vurdert i høve til den samla belastninga på verneverdiane. Sidan 2011 har det blitt reist over 1400m<sup>2</sup> ny bygningsmasse i verneområda, og nær ein tredjedel har skjedd i tilknytning til turistforeiningane sine anlegg. Nye søknader om utvidingar av turistforeiningane sine anlegg vil derfor ikkje bli handsama før verneområdestyret har slutført sin gjennomgang av gjeldande forvaltningspraksis. Dette arbeidet ventes å være gjennomført seint på hausten 2022.

I medhald av §48 i naturmangfaldslova får Stavanger turistforening dispensasjon til fasadeendring av eksisterande turisthytte Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde.

Fasadeendringa inneberer at dei fire vindauga på hemsan på kortveggen mot vest, blir skifta ut med større vindauger som skal ha mål og plassering som vist på fasadeteikningane som er gjengjeve i saksutgreiinga.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Det må innhentast naudsynt byggeløyve frå Hjelmeland kommune
- Bygningen må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane med omsyn til utforming og overflatebehandling, og må skje i tråd med byggeteikningane i søknaden
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.
- Alt av bygningsavfall skal transporterast ut av verneområdet og leverast på godkjend mottak
- Dispensasjonen gjeld fram til 02.05.2025

I medhald av kapittel III, kapittel IV, punkt 3 og kapittel VI, punkt 1. i Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde får Stavanger turistforening dispensasjon til å nytte helikopter til transport av bygningsmaterialar og utstyr i samband med byggearbeid på turisthytta Melands-Grønahei. Dispensasjonen omfattar og transport av ved, proviant og driftsutstyr for tre års forbruk.

Dispensasjonen gjeld for inntil 5 transportar i tidsrommet 01.08-31.10.2022, samt for inntil 30 transportar i tidsrommet 15.06-31.10.2023. Dispensasjonen gjeld for vanleg flygerute frå Kleivaland slik det går fram av kartet i vedtaket.

Kart over landingspunkt og flygerute



Dispensasjonen blir gitt med disse vilkåra:

- Flyginga mellom landingspunkta skal skje etter kortaste rute
- For å redusere forstyrring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret så langt det er råd ikkje flyge lågare enn 300 m over bakken mellom landingspunkta
- Om det blir observert villrein nær landingspunkta skal transportane avventast til faren for forstyrring er over

### Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 02.05.2022

Nytt felles framlegg: saka vert utsett til verneområdestyret har hatt ein gjennomgang av samla belastning for verneområda. Arbeidsutvalet ønskjer ei vurdering av om det skal tillatast å auke overnattingskapasiteten på turisthytta slik det er beskrive i søknaden.

### Vedtak

Nytt felles framlegg vart samrøystes vedteken.

AU 26/22

### Forvalters innstilling

### Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 02.05.2022

### Vedtak

**AU 27/22 Eventuelt**

**Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 02.05.2022**

Inga saker.